

«Føresegner for husfondet åt Oslo Fylkeslag.

Godkjende av Sosialdepartementet i skriv 8. februar 1927
og vedtekne på årsmøte i Oslo Fylkeslag 13. februar 1927.

I.

Husfondet åt Oslo Fylkeslag er skipa med det fyremål å få
reist ein «Heim for landsungdom» i Oslo.

I «Heim for landsungdom» skal ogso vera rom til kontor for
sosialt arbeid millom landsungdom i Oslo og høvelege billege
møterom for lag som er innmelde i Oslo Fylkeslag.

2.

Styret i Oslo Fylkeslag stend for styringa av fondet. Det vert
förd serskild rekneskap for fondet sine pengemidlar og årsmelding
og ettersett rekneskap skal kvart år sendast Sosialdepartementet.
Pengane skal til kvar tid vera fest i statsobligasjonar eller andre
like gode verdepapir.

3.

Når so langt lid at pengane skal nyttast, tek årsmøte i Oslo
Fylkeslag avgjerd om det og vel ei nemnd som saman med ein
representant frå Sosialdepartementet og styret i Oslo Fylkeslag
set planane i verk.

4.

Skulde Oslo Fylkeslag slutta gjeng fondet over til Noregs
Ungdomslag som saman med Sosialdepartementet nyttar det til
dei fyremål som er nemnd i paragraf 1 (jamf. Paragraf 8) i lov
for Oslo Fylkeslag.»

På årsmøtet vart det eit langt og kvast ordskifte om lags-
arbeidet. Styret bad årsmøtet oppmoda laga om å gjera kva dei
kunne for å halda rusdrykkjen borte frå møter og festar. Dette
vart vedteke mot to røyster.

Elles gjekk det att i dette ordskiftet det same som på tidlegare
årsmøte og i åra frametter at det var svært ulike meininger om
dansen.